

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset  
**Dato:** 14.01.2016  
**Tidspunkt:** 11.00-16.20

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	Til 15.50
Svein Halleraker	Medlem	H	
Kirsten Syljeset	Medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Parti
Nils Marton Aadland	Medlem	H

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Navn	Møtte for	Parti
Stein Inge Ryssdal	Nils Marton Aadland	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Saksliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 3/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/16	Oversendingar til utval for miljø og samferdsel	2015/2400	
RS 2/16	Svar på spørsmål om korrespondanse ferje Våge-Halhjem og buss Halhjem-Osøyro-Bergen	2015/2400	
RS 3/16	Svar på spørsmål om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik	2015/2400	
RS 4/16	Svar på spørsmål om Furubergfossen bru og Svodalstunnelen	2015/2400	
RS 5/16	Skyss-linje 4 tilbake til Varden	2015/12759	
RS 6/16	Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering - framdrift	2015/11655	
PS 4/16	Nye ferjeanbod - konkurransegrunnlag	2014/19309	
PS 5/16	Grønn strategi – Klima- og energihandlingsplan for Bergen 2015 - høyringssvar frå fylkeskommunen	2015/11703	
PS 6/16	Regionstamlinje Nordhordland	2015/12222	
PS 7/16	Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad	2014/11976	
PS 8/16	Regional transportplan Hordaland 2018-2028 - vedtak av planprogram	2015/535	
PS 9/16	Revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde	2015/1393	
PS 10/16	Rv. 13 Klassifisering/framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsbergtunnelen - Granvin herad og Voss kommune	2014/11976	
PS 11/16	Omklassifisering av Fv. 550 på Aga i Ullensvang	2014/11976	
PS 12/16	Nedklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet og nedlegging av gammal Fv. 53 gjennom Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune	2014/11976	
PS 13/16	Innføring av AutoPASS i ferjedrifta	2015/11763	
PS 14/16	Masfjordbrua - opplegg for val av bruløysing	2015/5147	
PS 15/16	Haugalandspakken - Oppnemning av medlem til politisk styringsgruppe	2015/12620	
PS 16/16	Ymse		

## **PS 1/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 2/16 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå utval for miljø og samferdsel 11.11.2015 vart godkjend utan merknader.

## **PS 3/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

### **Vedtak**

Referatsaker 1-6/16 vart ikkje behandla. Dei vert lagt fram på neste møte.

RS 1/16 Oversendingar til utval for miljø og samferdsel

RS 2/16 Svar på spørsmål om korrespondanse ferje Våge-Halhjem og buss Halhjem-Osøyro-Bergen

RS 3/16 Svar på spørsmål om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik

RS 4/16 Svar på spørsmål om Furubergfossen bru og Svalstunnelen

RS 5/16 Skyss-linje 4 tilbake til Varden

RS 6/16 Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering - framdrift

## **PS 4/16 Nye ferjeanbod - konkurransegrunnlag**

### **Forslag til innstilling**

1. I utarbeidning av innhaldet i konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod har ein funne løysingar som i varetek behovet for eit godt og stabilt ferjetilbod i fylket. Dette er balansert mot samstundes å oppfylle ambisjonar om reduserte utslepp og halde seg innanfor realistiske økonomiske rammer.
2. Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg fylkesutvalet til grunn eit ambisjonsnivå tilsvarende Klimaplanens miljømål (alternativ 1) for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane såframt ein får innvilga støtte frå Enova.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunne nedjustere krava til energieffektivitet for dei resterande rutepakkane dersom vidare kartlegging visar at dette kravet blir vanskeleg å oppnå i praksis.

3. Fylkesutvalet sluttar seg elles til tilrådingane i saka.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av A, SV, Sp, Krf, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag (a):

"Punkt 2:

«Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg fylkesutvalet til grunn eit ambisjonsnivå tilsvarende Klimaplanens miljømål (alternativ 1) for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane såframt ein får innvilga støtte frå Enova.»

Vert endra til:

Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg *fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2)* til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane, såframt ein får *statleg tilskot*.

Punkt 2, tredje setning:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunne nedjustere krava til energieffektivitet for dei resterande rutepakkane dersom vidare kartlegging viser at dette kravet blir vanskeleg å oppnå i praksis.»

Vert endra til:

Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny."

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av A, SV, Sp, Krf, V, MDG, H og Frp fram slikt forslag (b):

"Utval for miljø og samferdsel ber om at det til behandling i fylkesutvalet vert greidd ut korleis og kor mange lærlingplassar det er høveleg å få inn i anbodet. Ein ber og om at dei einskilde fagområde då vert sett på slik at ein får flest fag med på ferjene."

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Utval for miljø og samferdsel ber om at det til behandling i fylkesutvalet vert greidd ut korleis og kor mange lærlingplassar det er høveleg å få inn i anbodet. Ein ber og om at dei einskilde fagområde då vert sett på slik at ein får flest fag med på ferjene.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. I utarbeidning av innhaldet i konkurransegrunnlag for nye ferjeanbod har ein funne løysingar som ivaretek behovet for eit godt og stabilt ferjetilbod i fylket. Dette er balansert mot samstundes å oppfylle ambisjonar om reduserte utslepp og halde seg innanfor realistiske økonomiske rammer.
2. Når det gjeld ambisjonsnivå for reduserte utslepp legg fylkesutvalet 2-gradarsmålet som ambisjonsnivå (alternativ 2) til grunn for rutepakke 1 og 4. Det same gjeld for dei resterande rutepakkane, såframt ein får statleg tilskot.

Ei eventuell justering av krava til miljø- og energieffektivitet, og/eller det viser seg at ein ikkje får tilstrekkeleg statleg tilskot, vert saka lagt fram for politisk handsaming på ny.

3. Fylkesutvalet sluttar seg elles til tilrådingane i saka.

## **PS 5/16 Grønn strategi – Klima- og energihandlingsplan for Bergen 2015 - høyringssvar frå fylkeskommunen**

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til at Bergen kommune i 2015 har rullert sin Klima- og energihandlingsplan, kalla «Grønn Strategi».
2. Fylkesutvalet ønskjer å samarbeide med Bergen kommune om «Grønn strategi» på områder av felles interesse.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Geir Angeltveit (V)** sette på vegner av V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet meiner at mål i Grønn Strategi for Bergen om reduksjon av klimagassutslepp med 50 % er for lite ambisiøst."

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slik protokollmerknad:

"Klimatoppmøtet i Paris vedtok nylig at den globale gjennomsnittstemperaturen bør begrenses til 1,5 grader. Derfor viktig at klimagassutslippene i Bergen tar sikte på nullutslipp i 2050 og at dette inkluderer utslipp fra alle sektorer.

«Punkt 4»: «Kommunen som planlegger»

Forslag til grønn strategi har for svak vektlegging av tiltak for å redusere transportomfanget i Bergen. Det er viktig at KPA ikke gir økt transportbehov og økte utslipp.

- Sykkelveinett i sentrum og til bydelene må være ferdig i 2020 i egne, trygge og godt synlige traséer.
- Antall parkeringsplasser må reduseres med 10 prosent årlig både i sentrum og i bydelene for å redusere bruk av personbil. Parkeringsavgiftene må økes
- Bybanen må planlegges både til Åsane og Fyllingsdalen/Storvatnet og bygges innen 2025. Videre avklaring av bybanetrase til alle bydeler i Bergen bør startes. Det er viktig å sikre ein samanhengande utbygging av bybanen.

Ingen rullebane 2 på Flesland.

Kollektivfelt bør verte innført på alle firefelts innfartsårer til Bergen.

I Bergen må trolleybuss bli tatt i bruk som modernisering av kollektivnettet der bybane ikkje kan gje tilbod, og kommunen bør vere med å legge til rette for dette.

Skal alle båter tilbys landstrøm i Bergen i 2020, som omtalt i planen, trengs det meir enn to ladepunkter. Kommunen ber Bergen havn tilrettelegge for dette og innretter havneavgiftene deretter.

«Kommune som motivator»:

Bergen kommune går sammen med Hordaland fylkeskommune og nabokommunene for å utvikle en felles plan for miljøvennlig fortetting og korte reiser.

- Fortsette arbeidet med å fremme bærekraftig mobilitet som elbildeling, sykling/el-sykling og kollektivtransport.  
Kommunen som tilrettelegger  
Utbygging av infrastruktur - ladestasjoner for el-biler.  
Legge til rette for et tilstrekkelig antall ladestasjoner og hydrogenstasjoner for tyngre kjøretøy og skip.
- Grønn strategi må legge rammer for kommuneplanens arealdel, og stille krav tilfortetting, funksjonsblanding og tilgang til grøntog fritidsområder. Fortetting planlegges særlig langs bybanetraseer.
- Alle nye bolig- eller næringsprosjekter må bygges i gangavstand til godt utbygde buss- eller bybanestopp."

### **Røysting**

Angeltveit sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet er positiv til at Bergen kommune i 2015 har rullert sin Klima- og energihandlingsplan, kalla «Grønn Strategi».
2. Fylkesutvalet ønskjer å samarbeide med Bergen kommune om «Grønn strategi» på område av felles interesse.
3. Fylkesutvalet meiner at mål i Grønn Strategi for Bergen om reduksjon av klimagassutslepp med 50

% er for lite ambisiøst.

#### **Protokollmerknad frå SV**

Klimatoppmøtet i Paris vedtok nylig at den globale gjennomsnittstemperaturen bør begrenses til 1,5 grader. Derfor viktig at klimagassutslippene i Bergen tar sikte på nullutslipp i 2050 og at dette inkluderer utslipp fra alle sektorer.

#### «Punkt 4»: «Kommunen som planlegger»

Forslag til grønn strategi har for svak vektlegging av tiltak for å redusere transportomfanget i Bergen. Det er viktig at KPA ikke gir økt transportbehov og økte utslipp.

- Sykkelveinett i sentrum og til bydelene må være ferdig i 2020 i egne, trygge og godt synlige traséer.
- Antall parkeringsplasser må reduseres med 10 prosent årlig både i sentrum og i bydelene for å redusere bruk av personbil. Parkeringsavgiftene må økes
- Bybanen må planlegges både til Åsane og Fyllingsdalen/Storvatnet og bygges innen 2025. Videre avklaring av bybanetrase til alle bydeler i Bergen bør startes. Det er viktig å sikre ein samanhengande utbygging av bybanen.

Ingen rullebane 2 på Flesland.

Kollektivfelt bør bli innført på alle firefelts innfartsårer til Bergen.

I Bergen må trolleybuss bli tatt i bruk som modernisering av kollektivnettet der bybane ikkje kan gje tilbod, og kommunen bør vere med å legge til rette for dette.

Skal alle båter tilbys landstrøm i Bergen i 2020, som omtalt i planen, trengs det meir enn to ladepunkter. Kommunen ber Bergen havn tilrettelegge for dette og innretter havneavgiftene deretter.

#### «Kommune som motivator»:

Bergen kommune går sammen med Hordaland fylkeskommune og nabokommunene for å utvikle en felles plan for miljøvennlig fortetting og korte reiser.

- Fortsette arbeidet med å fremme bærekraftig mobilitet som elbildeling, sykling/el-sykling og kollektivtransport.  
Kommunen som tilrettelegger  
Utbygging av infrastruktur - ladestasjoner for el-biler.
- Legge til rette for et tilstrekkelig antall ladestasjoner og hydrogenstasjoner for tyngre kjøretøy og skip.
- Grønn strategi må legge rammer for kommuneplanens arealdel, og stille krav tilfortetting, funksjonsblanding og tilgang til grøntog fritidsområder. Fortetting planlegges særleg langs bybanetraseer.
- Alle nye bolig- eller næringsprosjekter må bygges i gangavstand til godt utbygde buss- eller bybanestopp.

## **PS 6/16 Regionstamlinja Nordhordland**

### **Forslag til innstilling**

1. Regionstamlinja mellom Nordhordland og Bergen følgjer prinsipp og føringer lagt i Kollektivstrategi for Hordaland og Handlingsprogram 2015-2018 om å utvikle eit konkurransedyktig kollektivtilbod i korridorane mellom regionsentra rundt Bergen og Bergen sentrum.
2. Regionstamlinja vil ligge til grunn i arbeidet med Trafikkplan Nordhordland, som startar opp komande år i samband med førebuing til nytt bussanbod i området.
3. Regionstamlinja vil etter planen i verksettast frå hausten 2016.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

**Jon Askeland (Sp)** sette på vegner av Sp, SV, A og KrF fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Grunnjeving: Behov for å gå grundig gjennom konsekvensane for busstilbodet.

Saka har gode intensjonar, men omfattande tilbakemeldingar frå reisande medfører at me vil mæla følgjande til administrasjonen:

- Framlegg til styrking av båtruta med «matebussar» er positivt.

Endringsframlegget til bussreiser Nordhordland - Bergen har medført reaksjonar. Pendlarar framhevar følgjande:

- Dagens busstilbod mellom Nordhordland og Bergen (t/r) er godt og logisk å forhalda seg til, og ei endring må byggja vidare på dette.
- Framlegget til bussopplegg utfordrar på følgjande:
- Kva vert betre i høve dagens ordning?
- Vert det fleire avgangar?
- Ordninga framstår som betre for reisande i Åsane nord og tilsvarande ulempe for reisande frå Nordhordland. Dette kan medføra at færre frå Nordhordland brukar kollektivreise til Bergen.
- Det må vera flest mogleg ekspressruter mellom Nh og Bergen som i dag, også utanom rushtida.
- Dei fleste reisande går av i Olav Kyrresgate, svært få følgjer bussen til Bystasjonen.
- Nokre pendlarar(med arbeidsstad Bergen sør) er positive til buss gjennom Fløyfjellet til Bystasjonen.
- Det må vera direkteruter Frekhaug – Bergen (særleg arbeids/skulereiser). Dette må kombinerast med at parallelle ruter frå Knarvik ikkje går via Flatøy.
- Det bør vera færrast mogleg bussruter via Nyborg-Åsane senter, pga. at dette er ein ubehageleg strekning pga. svingar/rundkøyringar som passasjerar opplever som ubehageleg.
- Me ynskjer at brukarundersøking ligg til grunn, og/eller at det vert dialog med pendlarorganisasjonane før framlegging for politisk handsaming."

### Røysting (forslaget om utsetjing)

Askeland sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG).

### Vedtak

Saka vert utsett.

## PS 7/16 Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

1. Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 - 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg for gåande og syklande.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleververt til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikraftredelse av vegloven §7».

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

"Alternativ:

Fylkesutvalet tilrår at fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 – 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter, framleis vert klassifisert som fylkesveg."

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 14 røyster mot 1 røyst (MDG) for Golis sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

1. Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 - 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyringsveg for gåande og syklande.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleververt til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikraftredelse av vegloven §7*».

## **PS 8/16 Regional transportplan Hordaland 2018-2028 - vedtak av planprogram**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga:

1. Transportplanen legg opp til nullvekst i personbiltrafikk som mål, men innanfor Bergen må målet vere 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår.
2. Ei styrking av kollektivtilbodet er viktig, bompengerinntekter skal derfor bidra til drift av kollektivtransport.
3. Det bør utarbeidast ein plan for utviding av trolleybussnettet og bussnett for nullutsleppsbusstar i Bergensområdet.
4. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
5. Ingen rullebane 2 på Flesland."

### **Røysting**

Hammer sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, Frp, KrF, 1Sp).

Hammer sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag punkt 3 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.
2. Transportplanen legg opp til nullvekst i personbiltrafikk som mål, men innanfor Bergen må målet vere 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår.
3. Ei styrking av kollektivtilbodet er viktig, bompengerinntekter skal derfor bidra til drift av kollektivtransport.
4. Det bør utarbeidast ein plan for utviding av trolleybussnettet og bussnett for nullutsleppsbussar i Bergensområdet.
5. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.

## **PS 9/16 Revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner revidert og utvida drosjereglement for Bergen køyreområde slik det ligg føre i nærværende sak. Det reviderte drosjereglementet er ei lokal forskrift og skal kunngjera i Norsk Lovtidend.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett.

Det vert vist til ein varsle evalueringsrapport om drosjenæringer og utvalet ynskjer at denne vert lagt fram før det vert gjort vedtak i saka. I tillegg vil ein fylgje opp vedtak i samferdsleutvalet den 19.08.2015 og invitera representantar frå drosjenæringer til å leggja fram sine synspunkt for utvalet. Ein ynskjer også å invitera representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Det er eit ynskje at dette vert gjort på neste møte i utval for miljø og samferdsel den 10./11. februar."

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Saka vert utsett.

## **PS 10/16 Rv. 13 Klassifisering/framtidig status på Gamlevegen i Skjervet etter opning av Tunsbergtunnelen - Granvin herad og Voss kommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tilrår at Rv 13 langs Skjervet framleis vert klassifisert som riksveg.

## **PS 11/16 Omklassifisering av Fv. 550 på Aga i Ullensvang**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek at gamle vegen Fv.550 gjennom Aga vert omklassifisert til kommunal veg.

## **PS 12/16 Nedklassifisering av omlagt fylkesveg forbi Baroniet og nedlegging av gamal Fv. 53 gjennom Baroniet i Rosendal, Kvinnherad kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 – 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km, 440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 53 Hp vert nedlagt som offentleg veg mellom km 0 – 0630 og overført til grunneigarane som privat veg, vederlagsfritt.
2. Fylkesutvalet vedtek at omlagt fylkesveg vert nedklassifisert til kommunal veg frå kryss med fv.53 hp 1 km, 440 fram til eksisterande kommunal veg (KV98047) mot Hatteberg.

## **PS 13/16 Innføring av AutoPASS i ferjedrifta**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avgjerde kva konkrete samband slik betaling skal innførast på.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for bilettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Atle Kvåle (A)** sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

"Endringsframlegg:

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaga for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. *Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.*

2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS."

#### **Røysting**

Kvåle sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert lagt inn ein opsjon i konkurransegrunnlaget for ferjeamboda om at det kan bli innført AutoPASS-brikkebetaling på ferjesambanda i Hordaland. Det skal politisk handsamast kva samband som eventuelt ikkje skal innføra AutoPASS.
2. Fylkesutvalet godkjenner at operatørane får ansvar for billettering og billettringsutstyr samt det tekniske utstyret til AutoPASS.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet med AutoPASS.

### **PS 14/16 Masfjordbrua - opplegg for val av bruløysing**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av Masfjordbrua i samband med handsaminga av Regional transportplan 2018-2029

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Per Lerøy (A)** sette på vegner av A, SV, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slike forslag:

1. "Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2."

**Svein Halleraker (H)** sette på vegner av H, A, SV, Sp, KrF, V, MDG og Frp fram slike forslag:

"Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre."

#### **Røysting**

Lerøy sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsbereking for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdera nærmere å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbodsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbodsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.

3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.

## **PS 15/16 Haugalandspakken - Oppnemning av medlem til politisk styringsgruppe**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet oppnemner..... som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** gjorde framlegg om Gustav Bahus som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

**Atle Kvåle (A)** gjorde på vegner av A, SV, Sp og KrF framlegg om Synnøve Solbakken som representant.

### **Røysting**

Kvåle sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 9 røyster mot 5 røyster (H, Frp) for Ryssdal sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet oppnemner Synnøve Solbakken som Hordaland fylkeskommune sin representant til politisk styringsgruppe for Haugalandspakken.

## **PS 16/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 4-6/16, 8-9/16, 7/16, 10-15/16.

### **ORIENTERINGAR**

Dagleg leiar i Hardangerviddatunnelene, **Harald Victor Hove** og ordførar i Eidfjord, **Anved Johan Tveit**, orienterte om Hardangerviddatunnelene.

Direktør **Oddmund Sylta**: Nytt frå Skyss. Stikkord:

- Datokøyring: Ekstratilbod, informasjonstiltak, erfaringar og resultat.
- Elbil på ferje: Betaling vert innført 1. februar.
- Oppfølging av driftsavvik ferje.

Før orienteringa frå Skyss hadde **Synnøve Solbakken (A)** sendt inn slikt spørsmål:

#### **"Kvinnheringen - Ingen ferjer på Årsnes**

<http://www.kvinnheringen.no/norled/ferje/arsnes/ingen-ferjer-pa-arsnes/s/5-27-17196>

Onsdag denne veka gjekk ferja på grunn mellom Ranavik og Skjersholmane, søndag same veka er begge ferjene innstilt i sambandet Årsnes-Gjermundshamn-Varaldsøy. Dette er svært uheldig, det er også beredskapsferja til Varaldsøy som no er innstilt.

Eg ønskjer å ta opp spørsmålet med ferjeproblemet til/frå Kvinnherad siste tida i Miljø- og samferdslemøte vårt 14 jan. Ønskjer ei orientering frå Skyss om situasjonen og plan for tida framover.

Det er mykje frustrasjon rundt ferjer som ikkje går når dei skal for tida."

Direktøren i Skyss svarte på spørsmåla frå Solbakken gjennom orienteringa si og oppfølgingsspørsmål frå utvalet.

Avdelingsdirektør **Olav Finne** i Statens vegvesen orienterte om "Strekningsvise utgreiingar – overordna fylkesvegar".

## OPEN TIME / SPØRSMÅL

**Renate M. Klepsvik (Frp)** stilte slikt spørsmål:

"Til utvalsleiaren.

Eg syner til budsjetthandsaming 8.-9. desember 2015 då Hordaland fylkeskommune si medfinansiering og oppfølging av vedtak i fylkesutvalet 27.08.2015 om medfinansiering av "ferje 2" på strekninga Krokeide-Hufthamar. Fleirtalet fann ikkje rom for å følgja opp vedtaket i budsjetthandsaminga, men det vart signalisert at dette skulle jobbast med. Kan me forventa å få denne saka opp att til politisk handsaming?"

Atle Kvåle (A) opplyste at saka vert sett på saman med Austevoll kommune for å sjå kva for moglegheiter som finst. Fylkesdirektøren for samferdsel informerte om at det har vore møte mellom ordføraren i Austevoll og fylkesrådmannen, men at det i tråd med budsjettvedtaket ikkje vert arbeidd med sak om problemstillinga.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

### **"Bybanen, dagens jernbaneterminal og Mindemyren**

Viser til oppslag i BA lørdag 2. januar om modernisering av dagens jernbaneterminal der Jernbaneverket og Bergen kommune er einig om å få på plass ein intensjonsavtale med mål om å få til ein oppstart av bybanen mot vest i løpet av 2008 og nødvendig areal til godsterminalen dei neste 10 - 15 år. Dette er av stor interesse for fleire og har følgjar for framdrift for andre saker.

Kan utval for miljø og samferdsle få ei orientering om kva som har skjedd i denne viktige saka?

For utvalet er det av særleg interesse å få oversyn over verknader for Bybanetrase til Fyllingsdalen, økonomiske konsekvensar, effektivitet av jernbanetransport med ny terminal og transportarbeidet for varedistribusjon i Bergen."

Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at det er ein pågående prosess med Bergen kommune og andre involverte. Det er ikkje føremålstenleg å rapportere frå denne prosessen. Eit planforslag vil verte sendt på høyring over sommaren.

**Marthe Hammer** bad om å få skriftleg orientering om status.

**Svein Halleraker (H)** stilte slikt spørsmål:

"Til HFK, administrasjonen.

### **Vedrørende fergesambandet Stord-Kvinnherad**

Bakgrunn:

Hordaland fylkeskommune (HFK) har utarbeidet milighetsstudie for tversamband inn mot fergefri E39 strekningen Bergen-Stord.

Det ble i forbindelse med politisk behandling av studien vedtatt at HFK skal ta aktivt initiativ overfor kommunene Kvinnherad og Stord med sikte på å få i gang planarbeid for bedring av fergeforbindelsen mellom disse kommunene.

Spørsmål:

1. Hvordan ivaretar HFK dette ansvaret?
2. Hva er gjort så langt, og hva er status for arbeidet?
3. Hvilken fremdriftsplan er gjeldende for dette arbeidet?"

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** hadde sendt inn slike spørsmål:

"Til Statens vegvesen.

**Spørsmål 1**

**Farleg kryss i Bergen Nord-Åsane, dvs. krysset på Steinestø (Langamyrane) inn og utkørsel (Fv 269)**

Her er det ei enorm trafikkauke, og kvar dag oppstår det farlege situasjonar då det på tider av døgeret så å seie er umogleg å komme seg ut på E 39 utan at ein "prøver seg" på ein slik måte at det er risikabelt.

Frå ein innbyggjar har eg fått denne opplysninga: krysset er særslig farleg fordi:

"Ved avkjøring fra E39 nordfra mot FV269 Steinestø. Pga. massiv trafikk i nordgående retning E39, og en del trailertrafikk (som stjeler utsyn), er det visuelt vanskelig å få et godt overblikk over motgående trafikk. Vegen er utformet som en slak høyresving som ødelegger en god del av utsynet."

For innbyggjarane i det området så er dette sjølv sagt ikkje noko god situasjon. Fartsgrensa er også 70 km – altså relativt høg fartsgrense.

Vi veit at trafikken vil auke også her. Spesielt er eg bekymra over den auka tungtrafikken som går både nordover og sørover. Dette heng saman med bl.a. tungtrafikk som skal generelt nordover på E39, men også svært mykje av denne skal vidare på Fv 57 til Mongstad. Med ny basestruktur og oppstart av den som var sommaren 2015, og som er planlagt auka, så veit vi at trafikkmengda vil vere aukande i både 2016 og 17.

Innbyggjarane har henvendt seg til SVV og fekk tilsvarende at der var ingenting å gjøre før 2018 – då kan ein ta det opp att. Dette pga. krysset ikkje er inne i inneverande trafikksikringsperiode.

Det er lenge til 2018 – og dette krysset er eitt av dei farlegaste i Bergen Nord på E 39. Kan SVV ta ei ny vurdering? Her er det snakk om ei event. lysregulering som vil spare samfunnet for mange kroner jmf. ei ulykke.

Eg ber om at ein på ny vurderer om det er god nok trafikksikring her – E 39 er tross alt ei viktig samferdsleåre for heile fylket.

**Spørsmål 2**

Venstre tok i fjor haust opp spørsmålet om trafikksikring i tunnellar der det ikkje er G/S. V spurde bl.a. om lysvarsle i tunnell når syklistar kjem og skal igjennom.

Dette er ei sak som eg og Lindås kommune har hatt på agendaen i lengre tid. Vi har også tatt dette opp med SVV for å få til eit prosjekt med lysvarsle i Mundalsbergtunnelen på E 39 i Lindås kommune.

I september 2015 sa SVV at dei ville sjå nærmere på om dette kunne vere eit type prøveprosjekt.

Fram til vi ventar på betre trafikksikring igjennom Mundalsberget og fram til vi veit kva trase ein går for med event ny tunnell, så hadde det vore greitt å hatt denne type lysvarsle "syklist i tunnelen" for ein periode. Det er fleire fylke som har prøvd dette med stort hell.

Som viktig trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar så ber eg om at SVV vurderer denne tunnelen, men også andre i fylket til å prøve ut lysvarsle. Det går fort mot vår og sommar – og vi ynskjer jo at fleire skal ta i bruk sykkelen – så la oss legge til rette at det går an å sykle på E 39 nordover og gjennom Mundalsbergtunnelen som IKKJE har omkjøringsveg direkte."

Avdelingsdirektør Olav Finne svarte slik:

**Spørsmål 1**

Krysset på Langamyrane er ein del av riksvegnettet, slik at det er Statens vegvesen som er vegmyndigkeit og ansvarleg for trafikktryggleik.

Vi er kjende med dei problemstillinga som vert tekne opp. Trafikken på E39 er svært stor, og i periodar er det vanskeleg å finne lange nok tidsluker for å komme seg inn på vegen, særleg ved venstresving ut frå Steinestø. I krysset er det og registrert ulukker dei siste åra.

Behovet for å redusere ulukkesrisikoen på E39 er stort, medan midlane som er sett av til trafikksikring er avgrensa. I inneverande NTP-periode (2014-2017) er tiltak i dette krysset dessverre ikkje prioritert.

Av tiltak som er prioriterte og nyleg etablerte på denne delen av E39, kan eg nemne signalregulering av krysset på Hylkje, signalregulering av eit nytt gangfelt ved Bergen landsfengsel og midtrekkverk/midtmarkering frå Langamyrane til Nordhordlandsbrua.

Vi vil vurdere sikring av krysset på Langamyrane opp mot sikring av andre kryss og strekningar på E39 for neste NTP/handlingsprogramperiode (2018-2021).

#### Spørsmål 2

Vi er skeptiske til å prøve sykkelvarsling i Mundalsbergtunnelen. Vi er mest uroa for tryggleiken til syklistar som ikkje trykkjer på lyssignalet og for syklistar som syklar så pass seint at varselslyset er gått av igjen før dei er ute av tunnelen. Nokre bilistar vil då kanskje vere mindre merksame på syklistar enn om det ikkje er varsellslys. Eg kan elles nemne at av tiltak her, har vi no sendt på høyring forslag om å senke fartsgrensa til 70 km/t forbi og gjennom Mundalsbergtunnelen.

Vi meiner at sykkelvarsling i tunnelar bør prøvast ut. Då bør det gjennomførast ei eiga før-etterundersøking. Vi har nettopp gitt tilbakemelding om dette til fylkesvegrådet fordi det same spørsmålet har vore teke opp av ein annan politikar. Vi meiner det bør prøvast ut i tunnelar som i første omgang har større sykkelvolum, men som kanskje ikkje har like stor biltrafikk.

I tillegg kan det nemnast at det også skal gjennomførast oppryddingsarbeid i denne tunnelen i år (tunneltryggleiksforskrift)."

**Roald Kvamme (A)** stilte slikt spørsmål:

"Til Skyss.

Korleis kan Skyss sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS i saker som omfatta begge partar?

Det er ved fleire høve peika på utfordringar knytt til ansvarsdelinga mellom Skyss og transportselskapa i spørsmål som gjeld arbeidsmiljø og HMS for sjåførane. I dag er det etablert eit kontaktorgan mellom Skyss og transportselskapa der ein også kan ta opp denne type saker men det vert hevda at dette ikkje fungera godt nok og at saker ikkje har vorte løyst på ein god nok måte. Det er mellom anna vist til ei sak som er meldt inn for arbeidstilsynet som eksempel på utfordringa.

Det må vera i alle si interesse at ein finn gode løysingar på samarbeid omkrings dette viktige området og at dette vert prioritert."

Direktøren for Skyss presiserte at Skyss ikkje har arbeidsgjevaransvaret sjåførane. Han opplyste også at ein prøver å løyse slike problemstillingar som Kvamme tek opp dialogforumet som er oppretta.

**Roald Kvamme (A)** stilte slikt spørsmål:

"Til samferdselsavdelinga.

Innspel frå Loddefjordutvalget:

#### **"Vedr fylkesvei i Hetlevikåsen**

Loddefjord Utvalget ønsker at det blir satt fokus på å trygge barnas skolevei her i bydelen vår.

I den forbindelse har vi sett på fylkesveien/kommunale veien som går i Hetlevikåsen. Denne veien som er ca 2 km lang er helt uten fartsdumper, overgangsfelt og har en fartsgrense på 50 km/t.

Både barn og voksne krysser denne veien daglig på vei til og fra skole, butikk, buss, jobb, fritidsaktiviteter, barnehager osv.

Tilsvarende vei er Vadmyrveien der fartsgrensen er satt ned til 30 og det er laget både humper og overgangsfelt.

Dersom det er ønskelig stiller vi gjerne opp for å delta på en befaring av fylkesveien.

**Spørsmål:**

Kan fylkeskommunen følgja opp innspelet knytt til trafikksikring frå Loddefjordutvalget slik at ein kan få vurdert eventuelle tiltak?"

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål (a):

"Til Statens vegvesen.

Hegglandsdalsvegen i Os kommune var stengd i fleire dagar pga. at nokre tre bles over vegen. BKK tok sin del i løpet av timer, medan Statens vegvesen/operatørar vurderte det for farleg å rydde vegen.

Ber om kva for vurderingar som vart gjort når ein kunne la det gå så lang tid. Vegen er m.a. utrykningsveg for både brann og legevakt i samarbeidet mellom Os og Samnanger. Ber om skriftleg svar."

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål (b):

"Til Statens vegvesen.

Lepsøyvegen i Os kommune er under utbetring. Parallelt med dette har Statens vegvesen støypt ny mur langs sida av deler av den "gamle" vegen (nær Kipsebu). Den nye "muren", "kanten" er til stort hinder og gjer det vanskeleg for tungtransport til og frå industrien i "Øyrane".

Kan Statens vegvesen svara på kvifor ein prioriterer dette når vegen skal leggjast om innan vinteren er over? Ber om skriftleg svar."

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål (c):

"Til samferdselsavdelinga, Skyss og Statens vegvesen.

"Superbussane" går i dag mot høgskulen frå sentrum. Det har vore stilt spørsmål om ein kan prøve ut fleire ruter, til dømes mot Åsane.

Kven arbeider med dette, og når reknar ein med at ein kan sjå "superbussane" på andre strekningar/ruter?"

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.